

## Aktivitets- og redegjeringsplikt på likestillingsområdet 2022

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er ein rehabiliteringsinstitusjon i spesialisthelsetenesta. På lik linje med helsevesenet elles, er det flest kvinner blant dei tilsette på senteret.

I senteret sitt verdigrunnlag er det lagt vekt på at alle skal møtast med respekt og likeverd. Dette gjeld både pasientar og tilsette og er noko som det også er fokus på ved introduksjon av nytilsette. Hausten 2022 vart det gjennomført arbeidsmiljøundersøking blant alle tilsette. Gjennomgåande funn i rapportane er at dei tilsette på dei ulike avdelingane opplever god inkludering og trivsel, og at dei opplever å kunne planlegge og styre sin arbeidsdag på ein god måte.

### Sum årsverk

75,20

### Tal tilsette

73 kvinner

25 menn

### Midlertidig tilsett (vikarar for tilsette i permisjon)

10 damer

1 mann

### Deltidsstilling (antal)

21 kvinner

10 menn

### Foreldrepermisjon

1 mann i 47 veker

6 kvinner i samla 140 veker

RKHR har ein livsfasepolitikk der vi har som mål å legge til rette for individuell arbeidstilpassing opp i mot dei ulike livsfasane den enkelte er i. Arbeidstilpassing kan vere i form av kortare arbeidsdagar, permisjonar enten heiltid eller deltid eventuelt andre tilpassingar som er mogleg å få til. Dialog om dette er mellom den tilsette og leiar.

At det var kun 1 mann siste året som tok ut foreldrepermisjon utover 3 månadar, speglar kjønnsamansettinga ved senteret.

### Ufrivillig deltid

Senteret har ei driftsform som gjer til at det er vanskeleg å kun ha fulltidsstillingar. På følgande avdelingar er det behov for deltidstilsette for å dekke inn helgevakter:

Sjuepleie, kjøkken, resepsjon og badeland.

Stillingsprosent for tilsette fordeler seg som følger:

100 % stilling

64% av dei tilsette

Over 50 % stilling                      12% av dei tilsette

Mindre enn 50 % stilling              24% av dei tilsette.

Dei fleste som har stillingar som er under 50 % er enten skuleelevar eller tilsette som også har anna arbeidsstad.

Vi har fokus på å auke stillingsprosent for tilsette som ynskjer det og kartlegg dette i årlege medarbeidarsamtalar. Senteret føl lovverket om tilsette i deltid som er kvalifisert for fortrinn. Tillitsvalde er med i alle tilsettingsprosessar og har i lag med leiinga fokus på å auke stillingsprosent for tilsette der dette er mogeleg.

### **Lønnsforskjell**

RKHR har eigen tariff gjennom Spekter. Leiing og tillitsvalde ved senteret har hatt godt samarbeid og likelønnsprinsippet står sterkt. Med det har vi ein praksis at tilsette får lik lønn for likt arbeid om ein er mann eller kvinne. Vi har dermed gode retningslinjer for lønnsfastsettelse.